

Nysæter kyrkjelyd

Årsmelding 2023



«Nysæter kyrkje -ein heim for alle,
her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand»

-Visjon Nysæter kyrkjelyd

2023 har vore eit år der mykje arbeid har blitt videreført frå forrige år. Det har vore mange gode treffpunkt!

Nysæter sokneråd frå 01.01.2023 – 31.10.2023

Marta Kristin Valvatne	Leiar
Oddbjørg Løkling	Nestleiar
Heine Kaldefoss	Representant i Stord kyrkjelege fellesråd
Jens Arne Stautland	Representant i Stord kyrkjelege fellesråd
Katrine Valvatne Kvernenes	
Marit Stalheim Grimstad	(Permisjon)

Vara:

1. Karen Marie Valvatne
2. Ingebjørg Råheim Grønsdal
3. Kristine Wiersen
4. Randi Bod Haugsdal
5. Ståle Betten

Nysæter sokneråd frå 01.11.2023 – 31.12.2023

Sigrid Theodorsen Langøy	Leiar
Heine Kaldefoss	Nestleiar og representant i Stord kyrkjelege fellesråd
Tormod Stautland	Representant i Stord kyrkjelege fellesråd
Ida Elin Hatlevik Tvedt	
Guro Betten	
Bjarne Petterteig	

Vara:

1. Marit Magnussen Romfog
2. Roald Sangolt
3. Wenche Elin Midttun
4. Ingebjørg Råheim Grønsdal

Årsmelding Nysæter sokneråd

- o «Etter skuletid», leksehjelp for ungdomsskuleelevar, er eit godt tiltak kvar mandag med omlag 15-20 deltagarar og 4-5 frivillige. Her kan dei gjere skulearbeid saman med andre eller åleine, få hjelp om dei treng det, få gratis mat og kunne slappe av med ymse spel.
- o Mat og prat for heimeverande med små born samla fleire på våren, men i haust har eit liknande tilbod i kommunal regi redusert frammøtet. Her er turnus med 6 frivillige, to kvar gong. Her kan ein få utvida nettverk med familiar i liknande livsfase. Gratis enkel lunsj kvar gong.
- o «Puls på livet» har hatt jamleg samlingar med variert innhald. Mange set pris på desse samlingene der personar med lokal tilknytning får fokus med oftast lokale musikkinnslag i tillegg. Komiteen på tre personar har vore den samme gjennom alle år og har ei god arbeidsdeling.
- o Ettermiddagskaffi omlag tre gonger i semesteret har rekrytert fleire frivillige og er ein møteplass med låg terskel for dei som ønskjer treffe andre uformelt.
- o Kyrkjeringen skulle etter planen hatt basar i oktober. Denne vart utsett til mars 2024 grunna vanskar med organisering av loddsgalg på butikken i Sagvåg.
- o Nettverk for unge i Stord-kyrkjene har hatt fleire av samlingene sine i Nysæter kyrkje annakvar laurdag kveld. Ca 10 vaksne (25-45 år) samlast til andakt, mat og sosialt samvær.
- o Kyrkjemiddag, kveldsmat på skjærtorsdag og frukost 17. mai har vore måltid i soknerådet sin regi.
- o Gudstenestene ønskjer me skal vere pulsslaget i Nysæter kyrkjelyd. Me vil framleis arbeide for at fleire skal finne seg til rette og finne sin plass i fellesskapet.

Året 2023 har vore eit år med fokus på arbeidet med planstrategi og bruk av nytt planverktøy «Kirka vår.» Me har hatt fleire samlingar med staben og Stord sokn for å lære å bruke verktøyet og å samkjøre planane.

Me vonar arbeidet som er gjort med bruk av planverktøyet vil hjelpe det nye soknerådet med å få ei god oversikt over all aktivitet i soknet.

Soknerådet har i 2023 brukt tid både på rekrytering til val og gjennomføring av valet, samt overlevering av planane for soknet til det nye soknerådet.

01.11 var det nye soknerådet på plass med dyktige folk med brei røynsle frå ulike områder i samfunnet og med god alderssamsetjing.

Samstundes kunne me ønskje velkommen ny sokneprest i Nysæter sokn, Fridleif Lydersen, som vart innsett i tenesta 12.11.23. Reidar Ådnanes var sokneprest frå november 2022 til november 2023.

Me ønskjer både nytt råd og ny prest lukke til i arbeidet i Nysæter sokn.

For Nysæter sokn

Marta Kristin Valvatne
Soknerådsleiar til 01.11.23

Me begynte frå 1.11 og fekk to soknerådsmøter i 2023. Me brukte tiden til å bli kjent både med kvarandre og med det å sitte i soknerådet og fordele kven som skulle sitte i kva utval. Me har hatt ein flott start og gleder oss til vidare arbeid.

For Nysæter sokneråd frå 1.11.23

Sigrid Theodorsen Langøy

Soknerådsleiar

NYSÆTER	2020	2021	2022	2023
Døypte	21	30	28	32
Konfirmerte	34	33	26	31
Vigsler	2	2	1	6
Gravferd	14	14	13	22
Gudstenester	56	64	56	56
Deltakrarar	3098	3186	4410	5192
Takkoffer	144 955	134 738	184251	150698
Utmeldingar	13	21	14	22
Innmeldingar	1	3	4	4

Årstankar frå sokneprestane 2023

Eg viser først til det eg skreiv til årsmeldinga for 2022:

Eg har no ei ordning der er arbeider i 60% stilling. Eg er aktivt til stades i halvparten av vekene, og tilgjengeleg for kontakt og planlegging i den andre halvdelen. (ca 4 veker/4 veker)

Det medfører at det blir ein del gudstenester og andre hendingar eg gjerne skulle ha vore med på som fell i «friperiodane» mine. Då finn ein andre løysingar.

Me vil hauste erfaringar med denne ordninga, og så får det bli ei vurdering om ein har håp om å få sokjarar ved ei utlysing av stillinga.

Både sokneråd, kyrkjelyd og eg hausta erfaringar med ordninga. Eg syns personleg det var kjekt å vera prest i Nysæter att, men samstundes var vurderinga at det var ein god del ulemper med ordninga. Eg kjende ofte på at eg ikkje var nok til stades og at det var mykje eg ikkje fekk gjort med redusert stilling. Eg støtta difor soknerådet i deira ynskje om at stillinga vart lyst ut. Og det var ei glede at me fekk sokjar og at tilsetjing kunne skje før året var omme.

Soknerådet nemner ein del større saker som har prega 2023. Av dei er det særleg planarbeidet og arbeidet med det nye «verktøyet» for planarbeid eg har engasjert meg i. Eg meinat at «KIRKA VÅR» er eit verktøy som bør nyttast vidare i det lokale planarbeidet. Det vil krevja ein innsats frå både råd og tilsette å få planane for alle deler av arbeidet på plass i dette verktøyet, men eg trur det vil betra oversyn og kontinuitet i arbeidet.

Eg takkar for samarbeid og fellesskap i året som gjekk. Eg ynskjer Fridleif vel møtt. Eg ynskjer både han og nytt sokneråd til lukke i tenesta. Eg er glad for å vera ein del av Nysæter kyrkjelyd framleis.

Reidar Ådnanes

Sokneprest i Nysæter til 1.November 23

Eg er takksam for å vere kalla til teneste som sokneprest i Nysæter sokn. Eg byrja 01. nov. og det var godt å kunne ta til i tenesta såpass tidleg, så eg kunne koma i gong før advent- og julehøgtida tok til for fult. Den 12. nov. var det innsetjingsgudsteneste i Nysæter kyrkje med festgudsteneste, lykkeønskingar og kyrkjekaffi, så det blei ein fin og minnerik byrjing på mi teneste som sokneprest i Nysæter sokn. Eg har alt nemnt advent- og julehøgtida som kom kort tid etter, at eg byrja så det er det som fylte mykje dei fyrst månadane av tenesta.

Eg gleder meg til fortsetjinga.


Fridleif Lydersen

Sokneprest i Nysæter frå 1.november 23

Årsmelding 2023

Trusopplæring og kyrkjeleg undervisning i Nysæter sokn

I Guds store hand – har me lært om Jesus og om den kristne trua vår, på kontinuerlege samlingar, enkeltsamlingar og under gudstenester. Som oftast syng me, tennifer lys og høyrer om den treeinige Gud og om kor godt det er å vera eit barn i Guds rike.



STØRST AV ALT



Tilsette i Trusopplæringa:

Ingvild Baugstø Almås har fungert som einingsleiar dette året, og jobba spesielt i Stord sokn det siste halvåret. Solveig Høyland har primært jobba med ungdom og hatt hovudansvar for konfirmantarbeidet. Solbjørg Hope Angeltveit jobbar mest i Nysæter kyrkje, men har også konfirmantgrupper i Stord.

Undervisningsutval

Felles for Stord og Nysæter. Frå Nysæter var det i fyrste del av 2023, Katrine Valvatne Kvernenes og Oddbjørg Løkking. Rett før nyttår blei det oppnemnt nytt utval:

Frå Nysæter: Katrine V. Kvernenes, Wenche Midttun og Guro Betten.

I 2023 hadde me 5 møter. Me har fått på plass leikekrokar og utvida dei i begge kyrkjene. Me har jobba med satsingar gjennom planstrategien i «kirka vår» og hatt spesielt fokus på ungdom- og konfirmantarbeid.

Me har jobba heile året (kontinuerlege samlingar) med:

Babysong og Pølsefest

Babysong, og Pølsefest for barnefamiliar er godt etablerte samlingar som har gått over fleire år no. Babysong har vore 1 gong pr. månad om hausten og ingen på våren, og Pølsefest har vore ca. ei samling pr. mnd. heile året. Alt på tysdagar saman med det diakonale tiltaket Mat & Prat. Samlinga for dei litt større har inneholdt songstund, bibelforteljing, pølsefest og leik med ulik hobbyaktivitetar. Me har 28% oppslutning på babysong medan det er 22 barn som har vore innom pølsefesten i Nysæter i løpet av året. Litt færre på hausten då det har kollidert med aktivitet for same aldersgruppe i nyehallen på Nysæter.



T 14 Konfirmasjon

Me hadde ei flott konfirmasjonshelg i mai, der 31 konfirmandar blei konfirmerte. 84% oppslutning. Me hadde ein kaotisk fasteaksjonsgudsteneste på våren og konkluderte etterpå at me må satsa meir på mindre grupper og få fleire folk med, frå hausten. Hausten starta med 31 nye konfirmandar. Dei blei delt inn i 2 grupper og me fekk fleire leiarar med. Me hadde presentasjonsgudsteneste 20. august og lysmesse 10. desember. Det har vore ca. 1 samling pr. månad både på våren og på hausten for konfirmandgruppene.



Her & Der


Her & Der har hatt samlingar ein måndag i månaden gjennom året. Dette er eit fellestiltak for Stord og Nysæter. Det har vore 8 samlingar i løpet av året. Blant aktivitetar kan nemnast skeisebanen, karneval, petanque, farmen og juleverkstad. Mykje aktivitet saman med gode frivillige. Fine samlingar med ein gjeng på 39 ungdommar innom totalt.

Då me starta året med ein trusopplærar var det ingen enkelttiltak, våren-23.

Enkeltsamlingar for hausten:

T6 Førsteklasses

Søndag før skulestart inviterte me komande fyrsteklassingar til ei felles familiegudsteneste i Stord kyrkje. Eit tiltak som ikkje har blitt gjort på denne måten før. Dei fekk utdelt: Bok – Ballong – Bilde. Kom ikkje mange då ein del framleis hadde ferie.



T10 Misjon og T4 4-årsbok

Dette var eit tilbod for 10 – åringer med samling fredagskveld den 22.september. Det kom fire og fekk læra om misjonsprosjektet vårt i Tallin. På gudstenesta søndagen den 17.09 stilte alle fire ti-åringane og delte ut barnebiblar til 4-åringane. Kva er vel meir misjon enn det!

Familiegudstenesta med utdeling av barnebibel til fireåringane var søndagen 24. september. Då blei det delt ut heile 31 biblar. Dette utgjer 89% av dei som er døypte og høyrer til Nysæter sokn. Det satt fullt i midtgangen med glade 4-åringar.

Lys våken

Lys våken for 11-åringar med overnatting var ein suksess også i år. 15 11-åringar deltok.



Me har også hatt samarbeid med skular og barnehagar

- Julevandring med barnehagane i frå heile kommunen.
- Skulegudstenester før jul for skulane i kommunen.

Oppsummering for 2023

Året starta slik 2022 avslutta med for lite folk i stab. Ingvild var den einaste pedagogen i Trusopplæringa og måtte avlyse mykje. Heldige oss i DNK på Stord og i Nysæter, så blei 2023 avslutta med tre medarbeidarar i fulle stillingar. Me ber om at 2024 gjer meir stabilitet og godt med folk, både faste og frivillige medarbeidarar.



Ein stor takk til alle som har jobba for at barn og unge i kyrkja vår har fått god opplæring i den kristne trua. Saman ønskjer me ei kyrkje med rom for initiativ og mangfold av aktivitetar, og ei kyrkje der tilsette og frivillige trivst. Saman skal me halda visjonen – *ein heim for alle, her me finn tru, håp og kjærleik i Guds hand høgt.*

Ingvild Baugstø Almås – Kyrkjelydspedagog og leiar for Trusopplæringa

ÅRSRAPPORT FOR DEN DIAKONALE TENESTA 2023

For Nysæter og Stord sokn

Året 2023 har vore eit innhaldsrikt år for den diakonale tenesta i Nysæter og Stord sokn. Det skjer mykje diakoni til velsigning i mange tiltak, oppgåver og møteplassar i kyrkjelydane. I staben på kyrkjekontoret har det i 2023 skjedd forandringar, med 2 nye medarbeidarer. Dei, Solveig Høyland og Solbjørg Hope Angelteit, har gått inn i stillingar med kombinasjon trusopplæring og diakoni.



Kyrkjekontoret har i 2023 flytta kontorlokale, frå Hamnegata til Sæ, meir sentralt i Leirvik sentrum.

Diakoniutvalet har representantar frå både Stord og Nysæter sokn. Utvalet i 2023, har fram til soknerådsvalet hausten 2023, bestått av: Ingebjørg Grønsdal og Marit Johnsen frå Nysæter sokn og Signe Wiersen Vorland og Kirsti Frugård frå Stord sokn.

Etter soknerådsvalet hausten 2023, har diakoniutvalet desse medlemmane: Signe Wiersen Vorland og Runar Isdahl frå Stord, Ingebjørg Grønsdal og Ida Elin Hatlevik Tvedt frå Nysæter.

Olaug Irene A. Gloppe har hatt 60 % stilling som soknediakon.

Diakoniutvalet sine oppgåver i 2023:

*OPEN KYRKJE I STORD: Det var open kyrkje i Stord første torsdag i kvar månad. (ikkje januar, juni, juli og august)

*BLOMEHELSING: Nokon i utvalet har nokre gongar hatt heimebesøk med blomehelsing til etterlatte etter dødsfall.

*GUDSTENESTE ASKEONSDAG 22.FEBRUAR: Diakoniutvalet deltok på kveldsgudsteneste askeonsdag. Oppgåvene var bønevandring, tenne lys under gudstenesta, kyrkjekaffi etter gudstenesta o.a.

*DØVEGUDSTENESTE I NYSÆTER KYRKJE 23.APRIL. Diakoniutvalet deltok som kyrkevertar og kyrkjekaffi etter gudstenesta.

*DIAKONIENS DAG I NYSÆTER KYRKJE 10.SEPTEMBER. I år var diakoniens dag ei kveldsgudsteneste. Soknediakon og diakonutvalet deltok med informasjon om det diakonale arbeidet, forbøn, preike, lystenning (konfirmantar tende lys under forbøna i lag med Solveig Høyland), kveldsmat etter gudstenesta. Tema for diakoniens dag var: «Diakoni i kvardagen».

*MINNEGUDSTENESTE ALLEHELGENSDAG 5.NOVEMBER: Diakoniutvalet deltok med lystenning, opplesing av navn på døde det siste året, kyrkjekaffe.



Soknediakonen sin teneste i 2023:

*BESØKSTENESTE/BLOMEHELSING/SJELESORG: Soknediakon har besøksteneste etter avtale i sorgarbeid og samtale/sjelesorg. Ho har mange besøk med blomehelsing til etterlatte etter dødsfall.

*SORGARBEID: Soknediakon har i lag med frivillig, Marta Kristin Valvatne, hatt ei sorggruppe i 2023. Sorggruppa har hatt samlingar i Nysæter kyrkje.



*NATTVERDSAMLINGAR PÅ STORD SJUKEHEIM: I samarbeid med aktivitør ved Stord sjukeheim, har soknediakonen nattverdsamlingar på sjukeheimen.

*SOKNEBUD: Nokre soknebud, nattverd for enkelte, på Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter.

*ANDAKTAR PÅ INSTITUSJONAR: Soknediakonen har ansvar for og organiserer andaktene på institusjonane. Både prestar, frivillige og soknediakonen held andakt og spelar piano til allsongen.

*DELTAKING PÅ GUDSTENESTER: Ved ulike gudstenester deltek soknediakonen med forbøn, ved nattverd, preiken på diakoniens dag, ulike oppgåver på minnegudstenesta.

*OPEN KYRKJE: I lag med diakoniutvalet har soknediakonen ansvar for open kyrkje i Stord.

*FAGDAGAR FOR DIAKONAR I BJØRGVIN BISPEDØME: Eit par gongar i året er det fagdagar for diakonar i Bergen. Soknediakonen har delteke på desse samlingane.

*FELLESSAMLINGAR FOR STAB, RÅD OG UTVAL: Soknediakonen har delteke på samlingar for staben, sokneråd og ulike utval for Stord og Nysæter sokn.

*KIRKENS NØDHJELP SIN FASTEAKSJON: 26.-28.mars var det fasteaksjon med konfirmantar. Soknediakonen deltok i lag med prestar, trusopplærarane og mange frivillige.

*KONTORARBEID: Etter behov. Ulikt frå veke til veke. Nokre dagar med heimekontor.

DIAKONIEN SOM KYRKJA SIN «LIVSPUST»:

Diakoni er kyrkja sin «livspust», både i ord og gjerning. Den er til stades for å byggje fellesskap, for å vise omsorg for menneske som lid, for å synleggjere rettferd, for å gi håp og trøst, for å lytte og gå nokre steg i lag med dei som treng det, for å vise Guds kjærleik til menneske slik dei er og har det. Alle er vi skapte og elskar av ein nådig Gud! Diakoni er «å våke i verdens natt»!

Når ein ser på alt som skjer etter avtalar og som er faste oppgåver i Nysæter og Stord sokn, er det mykje diakoni for mennesker i alle aldrar. Det er mykje kvardagsdiakoni der mennesker møtast. Saman er vi ei levande kyrkje, der omsorgen for kvarandre synleggjer Guds kjærleik for den enkelte. Diakonien er kyrkja sin «livspust». Då Jesus vaska disiplane sine føter skjærtorsdag, gav Han oss ein veg å gå i møte med kvarandre!

Guds velsigning over den diakonale tenesta i Stord og Nysæter sokn.

Med helsing

Soknediakon Olaug Irene A. Gloppen.

Årsrapport 2023 for diakonimedarbeidar Solveig Høyland:



Ungdomsklubb på Kyrkjestova Fredheim: Oppstart fredag 20. oktober kl.19:30- 23:00. Mellom 8 og 20 ungdommar som kjem kvar fredag. Gratis mat, spel, konkurransar, juleverkstad osv. Fleire av ungdommane som kjem, har behov for trygge vaksne å snakka med.

Samarbeid med Kirkens Bymisjon: Deltok mange torsdagar på ettermiddag/kveld på Open Møteplass, eit diakonal tilbod i Kirkens Bymisjon sine lokale i Borggata. Gratis kaffimat, samtalar.

Mvh. Solveig Høyland

Årsrapport 2023 for diakonimedarbeidar Solbjørg Hope Angeltveit:

I løpet av 2023 har det vore 19 samlingar med Mat og Prat på vårsemesteret og 15 samlingar med Mat og Prat på haustsemesteret. Altså totalt 34 samlingar i laupet av 2023. Det har vore om lag 56 personar innom i laupet av året som har nytta seg av tilboden. Det er eit tilbod der det svingar mykje ifht. kor mange som kjem innom frå gong til gong, og dette går og litt i syklusar ifht. barnehageinntak, permisjonar og anna. Det er likevel stort sett alltid nokon som kjem innom.

Mat og Prat er eit lågterskeltilbod for småbarnsforeldre som er heime med borna sine. Her kan ein komma og gå som det passar for ein sjølv innanfor det gitte tidspunktet frå kl.11:00 – 13:00. Det vert servert gratis lunsj, borna kan leika saman og foreldra kan få knyta kontakt med andre i same situasjon som dei sjølve.



Mvh. Solbjørg Hope Angeltveit.

Årsmelding 2023 Nysæter kyrkje kyrkjemusikk

Året 2023 vart endeleg eit koranarestriksjonsfritt år, også for kyrkjemusikken. Ein var såleis tilbake til nokolunde normal verksemd.

Salmesongen i kyrkja er framleis god, sjølv med relativt få tilstades kling det godt i det gode kyrkjerommet. Viljen og haldning til å prøva nye og litt ukjende ting er og bra tilstades slik eg opplever det. Orgelet fungerer bra om enn litt ustemet i nokre register, lite tekniske feil med instrumentet. Orgelet har ettersyn/stemming annakvart år av fagmann frå Bergen. Etterkvart må ein gjerne ha eit totaloversyn på instrumentet der alle deler vert tekne ned og overholt. Dette er jo ein noko større operasjon.

Pianoet held og svært bra på stemming etter at luftfuktar vart installert. Før dette vart gjort kunne instrumentet bli veldig surt, særleg i tørre periodar om vinteren.

Koret Sanctus må og nevnast spesielt, dette er ein svært positiv gjeng med eit velfungerande styre. Koret har til og med fått tilsig av nokre nye songarar, så koret er no litt større enn for berre eit par år sidan. Dette er jo gledeleg. Koret sitt største prosjekt i 2023 var nok heilt klart Folkedansmassa saman med prosjektkor frå Etne og dansarar frå Stord ungdomslag/Stord folkedanslag og strykarar/piano. Massa vart gjennomført same søndag i juni både i Nysæter kyrkje på føremiddagen og i Etne kyrkje om kvelden. Omlag 170 menneske var samla i kvar av kyrkjene på denne folkedansgudstenesta. Dette var ei gudsteneste med nattverd og alle liturgiske ledd på plass, men i ein noko annleis musikalsk drakt. Dansarar var med og dansa til mange av ledda. Estetisk vart det veldig fint. Prest/liturgar var Reidar Ådnanes (Nysæter og Etne) og Kari Vik Stuhaug (Etne). Koret var elles med på korgudsteneste i Stord kyrkje i oktober saman med songarar frå andre kor. Dette var og eit prosjekt koret sette mykje pris på. Sanctus tok elles del ved nokre gudstenester som Oskeonsdag og avskjedsgudsteneste for Reidar Ådnanes. Nevnast må jo og at Sanctus er ei god kjelde til forsong ved gudstenester meir generelt.

Konsertar var det jo og nokre av. I eigen kyrkjeleg regi nevner eg såleis konsert med Bergen Domkor i juni som var ei flott oppleving med eit fabelaktig kor. Julekonserten 3. søndag i advent tek eg og med, denne vart og svært fin. Fire kor og tre korps var med og musiserte. 260 menneske var på plass i kyrkja på denne tradisjonsrike konserten. Kyrkja har og vore mykje nytta til utleigekonsertar, både lokale og utabygds krefter (Stord con Spirito, Stord kulturskule, Sunnhordland kammerorkester, Sunnhordland sommarkorps mm.). Puls på livet er og eit regelmessig opplegg som har inkludert ein god del av musikalsk karakter.

Nokre solistar har og vore med ved gudstenester i 2023, t.d. trompetist 1. juledag, 1. påskedag, konfirmasjon og Vervagudsteneste. Ved konfirmasjonar var og songsolist med. Julafta tok strykarar med ved ei gudsteneste og songsolist ved den andre gudstenesta. I mars var begge organistar med ved gudsteneste i Nysæter kyrkje, Noah Wibe på bass og piano og underteikna på orgel. Dette var og svært gildt og vart godt motteke.

Alt i alt eit godt år 2023.

Bjarte Aadland

Kantor i Nysæter

ÅRSMELDING 2023 – SANCTUS

Styret har i 2023 vore samansett som følgjer:

Inger Johanne Moe	styremedlem ikkje på val i 2023, vald for perioden 2022/2023
Randi Nysæter	styremedlem ikkje på val i 2023, vald for perioden 2022/2023
Arne Fyllingen	attvald styremedlem på årsmøtet i 2023, vald for perioden 2023/2024
Berit Marie Nesse	attvald styremedlem på årsmøtet i 2023, vald for perioden 2023/2024
Bjarte Aadland	Dirigent

(I Styret har dirigenten rett til å møta, tala og stilla forslag, og har det overordna musikalske ansvaret.)

Vararepresentantar:

Vararepresentant (attvald i 2023, vald for perioden 2023/2024): Gunnar Nysæter

Valnemnd (vald for 2023- eitt år om gongen) Marit Grip og Sverre Olav Lundal

Revisor (vald for 2023 - eitt år om gongen) Reinert Valvatne

I året 2023 har i gjennomsnitt ca 19 **aktive medlemmer** delteke på korøvingskveldane.

Dirigent for koret er Bjarte Aadland.

Styret har hatt 3 **styremøter** i 2023: 8.2, 26.4 og 30.8.

Det første styremøtet (**8.2**) omfatta som planlegging av årsmøtet, samt aktivitetane for våren, då i hovudsak folkedansmessa «Träd in i dansen».

I neste styremøte (**26.4**) konstituerte det nye styret seg: Leiar: Inger Johanne Moe, Nestleiar: Randi Nysæter, Kasserar: Arne Fyllingen, Skrivar: Berit Marie Nesse. Elles var det store temaet planlegging av detaljane i gjennomføringen av folkedansmessa, herunder også formalisering av samarbeidet mellom aktørane: dansarar – prosjektkoret i Etne – Sanctus.

I tillegg vart aktivietar for haustsemesteret planlagt.

I styremøtet i haustsemesteret (**30.8**) var tema evaluering av den gjennomførte folkedansmessa. I tillegg vart detaljane for haustsemesteret gjennomgått.

Sitat frå evalueringa: «...alle deltarar, 16 dansarar, 5 musikarar, dirigent, 2 prestar, 30 songarar, og publikum, var svært fornøgde. Alle tykte det var ei stor og god oppleveling både på Nysæter og i Etne.....»

Økonomi har vore eit sentralt tema i alle styremøtene i 2023, med fokus på å henta inn midlar for å dekka noko av underskotet i samband med gjennomføringen av folkedansmessa. Det vart ikkje billettinntekter - men kollekt, sidan dette er ei gudsteneste.

Men koret fekk også ein del av kollekten i Etne, samt at Nysæter sokneråd bidro til midlar i samband med underskotet, noko koret er svart takksam for.

Øvingane har vore i Nysæter Kyrkje, onsdagar frå kl 1900 (om ikkje annan beskjed er gitt), to songøkter kvar kveld, med ein kaffi-/tepause imellom.

Aktivitetar i året 2023:

Vårsemesteret:

- ✓ Oppstart onsdag 11 januar
- ✓ Årsmøte onsdag 15 februar
- ✓ Deltakting på askeonsdagsgudsteneste i Nysæter kyrkje, onsdag 22 februar
- ✓ Forsong friluftsgudsteneste Kristi Himmelfartsdag torsdag 18 mai, i gapahuken i Hustrudalen
- ✓ Folkedansmessa «Träd in i dansen», søndag 11 juni
kl 1100: framføring (gudsteneste) i Nysæter kyrkje
kl 1900: framføring (gudsteneste) i Etne kyrkje

Haustsemesteret:

- ✓ Onsdag 30 august: oppstart haustsemester
- ✓ Deltaking på korgudsteneste i Stord kyrkje søndag 29 oktober,
med songarar frå Stordkoret, Ichtus og Sanctus, samt frivillige frå kyrkjelyden
- ✓ Deltaking på gudsteneste i Nysæter kyrkje søndag 5 november
- ✓ Juleavslutning onsdag 13 desember etter først øvingsøkt.
Pizza og kringle, juleavslutning og feiring av leiar sin 80-års dag.
- ✓ Deltaking på den tradisjonelle julekonserten i Nysæter kyrkje søndag 17 desember
(3. søndag i advent)

Styret har også i 2023 fokusert på at Sanctus skal vera ein aktiv medspelar i det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkja, samt arbeida for et godt korfellesskap.

Rekruttering

Rekrutteringa i forkant av oppstarten i 2023, i samband med at øvingane starta med folkedansmessa "Tred inn i dansen", resulterte i at me fekk fire nye songarar!

Koret takkar: Sanctus vil også i år retta ein STOR takk til Bjarte, dirigenten vår! Dirigenten er – som alltid - optimistisk og motiverande!

Styret ser fram til korfellesskapet i 2024, songfellesskap er godt for folkehelsa.

Stord, 31.12.2023 - Styret i Sanctus



Rekneskap

Konto	Konto(T)	Beløp	Budsjett	Avvik
UTGIFTER				
11101	Konfirmantar, fest, mat ol	0,00	3 000,00	3 000,00
11102	Kyrkjemusikalsk arbeid ved kantor	23 995,14	30 000,00	6 004,86
11106	Barne- og ungdomsarbeid (ikkje trusopplæring)	5 544,00	15 000,00	9 456,00
11107	Lokale diakonale tiltak	4 384,00	15 000,00	10 616,00
11201	Velferdstiltak, gåver ol	8 967,00	1 000,00	-7 967,00
11202	Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi ol	12 503,00	20 000,00	7 497,00
11207	Diverse andre utgifter	0,00	2 000,00	2 000,00
11301	Gebyr bank	4 935,18	0,00	-4 935,18
11400	Annonser	688,00	1 000,00	312,00
11500	Kurs, Døgnet ol	26 981,00	20 000,00	-6 981,00
11501	Arrangementsutgifter	18 327,00	10 000,00	-8 327,00
12000	Innbu, utstyr, bøker	14 942,00	2 000,00	-12 942,00
12001	Kontorinventar og -utstyr	0,00	110 000,00	110 000,00
14401	Overføring trusopplæring/ diakon/ eigenbet til FR	20 627,00	25 000,00	4 373,00
14650	Takkeoffer til eksterne organisasjonar	68 113,00	45 000,00	-23 113,00
14651	Offer/ innsamling til fasteaksjonen	11 410,00	35 000,00	23 590,00
14652	Misjonsprosjektet	41 424,00	35 000,00	-6 424,00
14653	Basarutgifter, innsamlingsutgifter	6 000,00	6 000,00	0,00
15400	Avsetning til ubundne fond (overskot føres på neste år)	22 707,01	0,00	-22 707,01
15800	Rekneskapsmessig overskot	6 755,68	0,00	-6 755,68
INNTEKTER				
16200	Arrangementinntekter	-30 675,00	-10 000,00	20 675,00
16201	Inntekt basar	0,00	-110 000,00	-110 000,00
16202	Arrangement utan billettinntekter	0,00	-20 000,00	-20 000,00
18600	Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet	-43 740,00	-50 000,00	-6 260,00
18601	Takkeoffer til diakonarbeidet	-14 650,00	-15 000,00	-350,00
18602	Takkeoffer til trusopplæringa	-11 650,00	-10 000,00	1 650,00
18604	Takkeoffer til kyrkjemusikals arbeid	-28 850,00	-20 000,00	8 850,00
18606	Takkeoffer til barne- og ungdomsarbeid	-6 475,00	-15 000,00	-8 525,00
18650	Takkeoffer til eksterne organisasjonar	-69 078,00	-45 000,00	24 078,00
18651	Takkeoffer/ innsamling fasteaksjonen	-11 329,00	-35 000,00	-23 671,00
18652	Takkeoffer/ innsamling misjonsprosjekt	-42 010,00	-35 000,00	7 010,00
18700	Tilskot/gåver frå andre	0,00	-10 000,00	-10 000,00
19000	Renteinntekter	-17 139,00	0,00	17 139,00
19300	Bruk av tidl.års rekn.messig overskot	-22 707,01	0,00	22 707,01
Nysæter sokneråd		0,00	0,00	0,00